



Kva tid og kor kjem det fyrste løetaket med solcellepanel i Uskedalen ?

Det er optimisme i landbruket i Uskedalen. Det kjem fram med dyrking, nybygg, overgang til lausdrift og tiltak der siloen er tilbake, i ei form som vert kalla plansilo. Landbrukskontoret i Kvinnherad gjer kjend på sine sider at det no vert satsa på fornybar energi. Gardsbruk med eit forbruk på minst 25 000 KWh kan søkja om støtte frå Innovasjon Norge til installering av solcellepanel på driftsbygningar.

Solcellepanel på løetak vil truleg også koma til Uskedalen innan ein fem års periode. Tilskotsordninga omfattar kostnader med investering, utgreiingar og kompetanseheving i fornybar energi. Målet er å auka verdiskapinga gjennom å tenkja ny teknologi. Ein vil mellom anna stimulera til produksjon av bioenergi i form av brensel og ferdig varme.

Solceller omdannar energien i solstråler til elektrisitet. Eit solcellepanel er sett saman av fleire solceller. Fleire panel kopla saman utgjer solcelleanlegg. Bruken av solceller er i sterk vekst. I Bergen ser vi no mange næringsbygg med solcelletak. Berre på Universitetet i Bergen reknar ein med ved bruk av solceller å redusera energibruken med 30 % innan 2025.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kvinnherad Landbrukskontor